

Søknad om tilskot til skjøtsel og tilrettelegging gjennom BARK - Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminner

1	Tiltakshavar / søker	Org. nr./person nr.
	Meland kommune	951 549 770
	Post / e-post	Telefonnr.
	Pb79, 5906 Frekhaug - postmottak@meland.kommune.no	56 17 10 00
2	Kulturminne-ID i Askeladden (for alle lokaliteter og enkeltminne)	gnr., bnr.
	108033 med fleire	4/25, 4/1,
	Gardsnamn	Kommune
	Leirvik	Meland
3	Namn på eigar (ved fleire eigarar, spesifiser under "andre opplysningar")	Telefonnr.
	Hordaland Fylkeskommune	55 23 90 00
	Post / e-post	
	hfk@hfk.no	
4	Søknadssum (overført frå side 4, finansieringsplan)	
	36 000	
5	Skildring av prosjektet	
	Kulturminnetype og tilstand (røys, haug, m.m., tilgrodd, erosjonsskade, m.m.)	Buplassar frå yngre steinalder og busetjingsspor frå yngre jernalder. Funna skriv seg frå utgravingane i samband med utbygging av Meland Golf- og Naturpark. Lokalitetane er spreidd utover eit større område, men vi ønskjer å fokusere på området rundt den gamle husmorsskulen i søraust.
	Datering	Eldre steinalder - nytid.
	Tidlegare tilrettelegging	Ingen
	Tidlegare skjøtsel	Ingen
Andre opplysningar		

6 Informasjon om prosjektet

Er føremålet med prosjektet:

Prosjektering

Ny tilrettelegging

Oppgradering / utbetring av eksisterande tilrettelegging

Omfattar prosjektet tiltak for universell utforming?

Ja

Nei

Skildring av eventuelle tiltak for universell utforming

Er det vedteken kulturminneplan for kommunen?

Ja

Nei

Dersom slik plan er under arbeid, når er den planlagt vedtatt? (årstal)

2016

Gjer greie for kor vidt kulturminnet er prioritert av kommunen

Området er prioritert som nr. 1 for Meland kommune i BARK-rapporten frå 2012

Kommunen har enno ikkje gjort ein prioritering i samband med kulturminneplan, men området vil vere omtalt og vurdert i planen.

Plan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014-2019 legg fram at området er viktig for folkehelsa og bør tilretteleggast som friområde

Gjer greie for lokal forankring av prosjektet

Prosjektet er forankra gjennom innspel til BARK-lista

Planprogram for kulturminneplan for Meland kommune 2016-2021 legg opp til strategiar for formidling, skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne i kommunen.

Kommunal innsats i området er forankra i idretts-, folkehelse- og friluftspanen

Gjer greie for tilkomst, parkering, m.m.

Tilkomst via fylkesveg 564 og kommunal veg. Parkering ved Meland Golf- og naturpark. 200m frå nærmaste busstopp ved fv 564.

Eventuell anna relevant informasjon

Det er eit vilkår at den som får tilskot gjennom Bevaringsprogram for Utvalgte Arkeologiske Kulturminner (BARK) gjennomfører arbeidet i samråd med Hordaland fylkeskommune og at arbeidet vert gjort etter dei retningslinjene som vert satt fast av vernemynda.

Retningslinjene skal sikra at arbeidet vert gjort på ein måte som ikkje kan føra til skade på kulturminne og at formidling og tilrettelegging vert gjort på ein god måte som ikkje går ut over vernet og som gjev fagleg korrekt informasjon.

7 Gjer greie for kontakt / avtalar med fylkeskommunen og eigar

Hordaland fylkeskommune er eigar av området, som inkluderer friområda, golfbana, husmorsskulen og friluftsområda rundt. Det eksisterer ikkje ein formell avklaring med eigar om prosjektet, men Meland kommune går ut frå at Hordaland fylkeskommune stiller seg positiv til vidareutvikling av dette viktige området. Tavla vil stå på ei allereie opparbeida plass ved driftsbygningane til gamle husmorsskulen, som no vert nytta av golfklubben. Kommunen vil søkje ein formell avtale på dette.

Kommunen har hatt kontakt per telefon med Fylkeskonservatoren i Hordaland.

8 Skildre dei enkelte tiltaka og korleis dei er tenkt gjennomført

I BARK-prioriteringa er det sett fram ved Leirvik: "Skilt, folder, internett og eventuell merking av tursti kan vere aktuelle tiltak".

I denne omgang vil vi setje opp ei tavle, som vil vere det første leddet i å formidle det flotte området med dei mange, og for ålmenta relativt ukjente, arkeologiske kulturminna i området.

Tavla skal ta utgangspunkt i utgravingane i området og formidle eit utval av dei arkeologiske kulturminna som kom fram. Innhaldet skal formidle med utgangspunkt i funna og forklare og gjere dei tilgjengeleg for eit ålment publikum, særleg for barn og unge. Fokus vil vere på korleis området såg ut og vart nytta i yngre steinalder og korleis gardsdrifta i yngre jernalder kan ha gått for seg. Tavla skal stå på ein svært synleg plass ved golfbana sine drifts- og oppholdsbygningnar. Det er her publikum parkerer og startar runden på bana eller tek ein fottur på turløypene i området.

Tavla vi vil setje opp er ei kulturinformasjonstavle av type Visjon 8mm trykt glass A0 liggande med vinkla stenger frå Arkeoplan.

Vi vil ta utgangspunkt i fylkeskommunal mal i utarbeidinga av tavlen og utføre oppsett og tilpassing lokalt. Tekst vil verte forfatta av kulturavdelinga ved kulturkonsulent og utdanna arkeolog Eirik Utne. Illustrasjonar og konsultering vil vere ved Arkikon. Vi vil nytte Mannheimer, tidlegare Språkfolk, for språkvask og oversetjing.

Tavla skal setjast opp av driftspersonale ved Meland golfklubb.

9 Gjer greie for kven som skal utføra arbeidet og kven som har ansvar for oppfølging / drift / vedlikehald

Utarbeiding av tavla skal gjerast av Meland kommune ved tenesteområde kultur etter fylkeskommunal mal. Oppsetjing av tavla skal gjerast av driftspersonale ved Meland golfklubb, som òg vil ha eit vedlikehaldsansvar.

10 Kostnadsoverslag og framdriftsplan

Kostnadsoverslag:

Illustrasjonar og konsultering Arkikon	kr 12 000
Språkvask og oversetjing Mannheimer	kr 4 000
Innsats Meland golfklubb med fundamentering	kr 7 500
Eigeninnsats utforming og styring 10 dagar	kr 23 000
Trykk tavle Arkikon, A0 1220x1220 liggande Visjon	kr 22 500
Vinkla stenger	kr 3 125
TOTAL	kr 72 125

Framdriftsplan:

April 2016 utarbeiding av tavle og innhald
Mai 2016 bestilling
August 2016 - oppsetjing av tavle

11 Finansieringsplan. Oversikt over korleis totalkostnaden er planlagt dekt gjennom tilskot frå:

BARK-midlar	36 000
eventuelt tilskot frå kommunen	
eventuelt tilskot frå andre tilskotsordningar	
andel av egne midlar	5 625
andre midlar	7 500
dugnadsarbeid	
anna	23 000
Sum (kr):	72 125

12 Stad: Frekhaug Dato: 11.nov.2015 Underskrift: Erik B. Utne

13 Kommunen sin uttale

Prioritering: 1 i BARK

Tilskot frå kommunen: 5625

Fråsegn: Ei informasjonstavle for dei arkeologiske kulturminna i Leirvik, Meland kommune, vil vere eit stort løft for å formidle dei omfattande utgravingane i området. Tiltaket vil vere i samsvar med planprogram for kulturminneplan i Meland kommune 2016-2021. Tiltaket vil vere svært positivt i å kunne utvikle formidlinga av området si kulturhistorie og skapa auka merksemd og engasjement.

Søknaden sendast pr. e-post til: hfk@hfk.no

NB! Søknadsfrist 1. november

